

NVE
Postboks 5091
0301 Oslo

Søknad om mellombels løyve til å fråvike nedre reguleringsgrensa for nordre del av magasin Sandvatnet i Suldal kommune i Rogaland fylke

I samband med rehabilitering av inntaksluka til Kvanndal kraftverk søker Hydro Energi AS om mellombels løyve til å senka vannstanden i Sandvatn under LRV, jf. § 8 i Lov om vassdrag og grunnvann.

Rehabiliteringsarbeidet er planlagt utført i tidsrommet 25.mai 2021 til 10.september 2021. Årsaken til at ein ynskjer å senka vannstanden under LRV er at revisjonsluka som tettar mot magasinet har noko lekkasje. Lågare vannstand gir trykk, som igjen gir mindre lekkasjar og fukt i området kor arbeidet knytta til inntaksluka skal føregå. Tryggleiken til dei som arbeidar med rehabiliteringa aukar når arbeidsområdet er mindre fuktig, og kvaliteten på målingsarbeidet i samband med rehabiliteringa kan bli høgare. Magasinet er utforma slik at ein ikkje har nokon form for tappemoglegheiter for nordre del, då Sandvatnet deler seg ved kote 929. Ved å senka vannstanden ned mot kote 919 moh vil ein såleis kunne oppnå lågare vasstrykk mot revisjonsluka i ein periode.

Nedre reguleringsgrensa for magasin Sandvatn er 924 moh. Hydro Energi ynskjer å byrja å senka vannstanden i nordre del av magasinet frå LRV 924 ned mot kote 919 moh i tidsrommet 1.mai-25.mai 2021. Tida det tek før vannstanden igjen er oppe på LRV er avhengig av kva tilsig det vil vera i det lokale nedbørsfeltet. Eit hydrologisk estimat gir at det vil ta mellom 15 og 45 døgn før vannstanden igjen når kote 924. Totalt tidsrom Hydro Energi søker om løyve til å fråvike nedre reguleringsgresen vert då frå 1.mai til 10.juli 2021.

Hydro Energi gir i vedlagt skriv ei utgreiing av dei geografiske, topografiske, hydrologiske og miljømessige forholda knytta til magasin Sandvatnet. Hydro Energi vel å søkja om løyve fordi me anser fordelane med å senka vannstanden under LRV, i høve til auka tryggleik for rehabiliteringsarbeidet, som større enn ulempe. Me kan ikkje sjå at tiltaket vil komma i nevneverdig konflikt med allmenne interesser, gi skader på økosystem eller påverkar arter i særskilt grad.

Med venleg helsing
Hydro Energi AS

Kari Bråtveit
VTA for RSK